



3 generasjonar Nilsen og ansatte etter nyopninga

**SPAR er eit lokomotiv i bygda  
Butikk-suksessen inspirerar andre  
Dei som driv SPAR fortentar all mogeleg ros  
Dette er berre 3 av dei mange rosande utsegn vi oppfanga i  
minuttane etter at familien Nilsens grand old lady Hjørdis  
hadde klypt den raude snora og nyopna butikken i dag.  
Saman med henne stod 2 nye generasjonar så det  
må også vera på sin plass å bruka orda gode gener.**



Dei framtidige kundane stilte opp

Og SPAR Uskedalen er ikkje berre ein vellukka

butikk for bygda vår, den er eit pilotprosjekt også på landsbasis. Det understreka ingen ringare enn SPAR-sjef Elisabeth Meland Fosse frå Os under opninga. Ho sikta då til den profileringa som denne butikken er først ute med og som både er delikat - og på nynorsk!



Hjørdis har klypt snora og markert utviding nummer 4

Musikklaget stilte veltrent med 10 musikarar til opninga og skapte den rette stemninga med 9 låtar som stamma frå fleire land. Men opningsmelodien var naturleg nok No livnar det i lundar. Dei framtidige kundar frå barnehage og skule var også disiplinerte på plass då dagleg leiar Bente Nilsen takka mange for god innsats med prosjektet.

Ho la stor vekt på støtta frå kjeden og hadde mykje ros til dei som har jobba med bygget. Ho var også imponert over dei ansatte som har vore villige til å stilla opp på stutt varsel og kundane som har vore svært tålmodige. Og naboane har vore positive heile vegen. Det har også vore god familiehjelp og dei tre jentene i leiinga har stått på i mange timar.

Meland Fosse streka under at personalet er det viktigaste og minte om at denne butikken har vore på topp i landet blant 277 butikkar i fleire år med omsyn til service.

Hjørdis sa før ho klypte at ho var glad og takknemleg etter utbygging nummer 4. Den første fann stad for 50 år sidan. Veteranen var også stolt av dei 3 jentene som har makta å følge med i utviklingen. Men ho glømde ikkje mennene som har stått bak.

Hjørdis roste kundane for å ta stilt opp og hadde forventningar om at dei vil kosa seg i den nye kaffekroken når dei handlar.



Ny forsyning med kaffe til halv pris!

Så myldra kundane inn og gjorde dei første innkjøp i ein storslagen nybutikk. Mange let seg frista av opningstilbod som til dømes kaffe til halv pris som dei også fekk smake på til blautkaka!



Musikklaget laga den rette stemningen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Hjørdis Nilsen Holgersen og Liv Svendsen i kaffekroken, også kalla Happy Corner